



Bjørg Minnesjord Solheim med nokre av geitene. (Foto: Håkon Solheim)

# Kan mohairgeitenæringa skapa opplevingar?

**Mohairgeitebønder i Telemark planlegg nå etablering av nytt mohairspinneri i Svartdal.**

**Spinneriet – som vil få namnet Telemark Mohairspinneri AS – vil bli det første i Noreg for produksjon av mohairfiber.**

**Spinneriet skal produsere garn og vevestoff.**

**Spinneriet og produksjonen vil bli ein del av mange andre opplevingar på garden Midt-Svartdal, med unike produkt, særeigen livsstil, tradisjonsrik gard, mohairgeiter og vakkert kulturlandskap.**

Med det nye spinneriet vil mohairgeitebøndene i Telemark sjølve ta hand om heile produksjonsprosessen – frå mohairråvara og til ferdige garn- og veveprodukt. I tillegg vil næringa få meir effektiv leveranse av mohairfiberen. I dag sender ein del mohairgeitebønder fiberen sin til Danmark, som igjen sender den tur/retur Sør-Afrika for vasking og sortering.

**Mohair – den eksklusive fiberen**  
Dei første mohairgeitene kom til Noreg i 1992. Geitene har sitt opphav i Tibet og Tyrkia, og geiterasen er svært gammal, truleg frå 4000-3000 år f. Kr.

Mohairgeita er ein flott geiterase, med vakre horn og eksklusiv mohair. Geita er nøyssam i matvegen, og er ein

god pleiar av landskapet. Den viktigaste råvara frå geitene er mohairen. Mohair tyder eigentleg «den beste og utsøkte fiber», og mohairgarn har høg pris på verdsmarknaden.

Mohairfiberen har ei glatt overflate, noko som gjer at den ikkje nuppar og den krympar lite, og den toler høgare vasketemperatur enn andre ullprodukt.

Garnet frå mohairgeitene eignar seg godt til hand- og maskinstrikk, veving og hekling. Mohairen er særleg «flammeresistent», noko som gjer den godt eigna i møbelstoff. Den nye norske operaen skal ha stolstoff av mohair.

For mange er det ei stor oppleveling å kome nært inn på dyr, og særleg dyr som er så elegante og flotte som mohairgeitene. Geitene er såleis ein



Gården Midt-Svartdal. (Foto: Håkon Solheim)



viktig del av det totale opplevingskonseptet på Midt-Svartdal, og for andre gardar med mohairgeiter.

## Mohairgeita som beiteryddar

Landskapet er ofte ein av hovudgrunnane til at turistar besøker Noreg. Kulturlandskapet er ein viktig del av dette landskapet.

Svartdal har eit spesielt verdifullt kulturlandskap. Bygda har små gardsbruk og bratte jorde, og større landbruksmaskinar og gjødsel har vore bruk i mindre grad enn det som er vanleg mange andre stader. Dette har ført til at slåttengene er rike på urter, og har eit mangfold av arter, både planter, insekt og sommarfuglar. Området har mange kulturminne. På garden Midt-Svartdal, som blir «mohairsenteret» i Telemark, er det gamle bygninga, steinrøyser, steingjerde, lauvtre og verdiful kulturmark. Der har vore eit omfattande restaureringsarbeid av bygningane sidan Bjørg Minnesjord Solheim kjøpte garden i 2001. Steingjerdet er restaurert, og i tillegg er det gjort mykje ryddearbeid for å få meir beitemark.

I 2002 kom dei første mohairgeitene til Midt-Svartdal, og i dag er det om lag 30 slike geiter på garden. Mohairgeita eignar seg svært godt i landskapet i Svartdal. Geitene likar tørr luft og trivst godt i fjellbygder. Dei er nøyssame i matvegen, og passar godt som beiteryddar. Som geiter generelt et mohairgeitene lite gras, likar godt lauvtre og urter og er særleg glad

rogn og selje. Gamal viltveksande eng og nye treskot er det beste ein kan tilby geitene. Mohairgeitene beiter ikkje helt snautt, og det står gjerne att om lag 10 cm høg vegetasjon der geitene har beita. Det blir eit flott og særmerkt kulturlandskap etter desse dyra.

## Opplevingsøkonomi frå eit landbruksperspektiv

Produksjon av opplevingar og opplevingsøkonomi er eit viktig satsingsområde for landbruket i Noreg, og for utviklinga av reiselivet her til lands. Landbruksnæringa treng fornying og utvikling, og reiselivsnæringa treng meir «innhald», i form av opplevingar som tilbod til turistar og besökande.

Reiselivet er ein stor aktør i opplevingsøkonomien, men samtidig avhengig av andre miljø og ressursar. Landbruket er døme på slikt miljø, som har ressursar til å utvikle opplevingar som attraksjon. I tillegg er det òg eit stort potensial i særgrupper og enkeltpersonar som ikkje er den typiske turist, men som - med utgangspunkt i sitt interessefelt - ønskjer å ta del i lokale/regionale tilbod.

## Mohairgeitenæring og opplevingsøkonomien

Mohairgeitebøndene i Telemark etablerer altså nå eit spinneri, som

Fortsetter neste side.

